

SLUTTRAPPORT

| | |
|--------------------|-------------------------------------|
| Prosjekt: | Teknologi og digitalisering |
| Dato: | 24.10.22 |
| Prosjektleder: | Trine Grøtnebø |
| Prosjektansvarleg: | Sogn regionråd |
| Prosjektgruppe: | Alf Einar Karlsen og Trine Grøtnebø |

1. SAMANDRAG

Regionalplan for Sogn 2021-2024 sitt hovudmål er at «Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande». «Teknologi og digitalisering» er eitt av ti satsingsområde i regionalplanen der ein skal avklare korleis regionrådet kan jobba vidare med teknologi og digitalisering som eit fellesprosjekt, og korleis rådet bør innrette eit eventuelt hovudprosjekt.

Næringslivet i regionen opplev at teknologiutvikling og digitaliseringa går raskare og raskare. Dette gjennom det 4. industrielle skiftet (Industri 4.0), der ein tek i bruk ny teknologi som endrar konkurransebildet i marknadane og forbetrar prosessar. Kompetanse på og evne til å ta i bruk ny teknologi blir viktig for næringslivet for å kunne oppretthalde konkurransekrafta og utnytte moglegheitsbildet framover.

Prosjektplanen for forprosjektet viser til

- Årdal har den høgste tettleiken på doktoringeniørar i landet, og sterke FoU og leverandørmiljø knytt til industrien. Hydro ynskjer også å bidra aktivt til å utvikle næringslivet i regionen til å ta i bruk ny teknologi.
- Regionen har sterke aktørar innan næringsmiddel og vareproduserande industri som har mykje dei same behova for å vidareutvikle eigen produksjon og prosessar til å være konkurransedyktige i framtida.
- Høgskulen på Vestlandet har uttalt mål om å styrke si satsing på ny teknologikompetanse gjennom «Teknologiløftet» saman med andre fagmiljø og næringslivet i fylket.
- SITEP (Senter for Innovasjon Teknologi og Prosess) er ein arena for å bidra til auka kompetanse om teknologi, teste og trene på ny teknologi, skape grunnlag for auka innovasjon i eksisterande bedrifter og bidra til knoppskyting av nye bedrifter gjennom tilgang til ny teknologi.

Prosjektet hadde 3 resultatmål:

- a) Utvikle sterkare **nettverk/klynge** i industrien/næringslivet med sterke band mot ulike andre industri/fagmiljø. Skape aktivitet og møteplassar i næringsklynga.
 - Dele kunnskap og erfaring med bruk av ny teknologi – sjå nye moglegheiter
 - Felles kompetansetiltak – skape felles læringsarena mellom bedriftene og opp mot andre industri/fagmiljø
 - Etablere fellesprosjekt – auke ressursane til utviklingsprosjekt og få tilgang på ny teknologi/kompetanse

- b) Bidra til å auke tal **FoU prosjekt** i næringslivet og bidra til gjennomføring av slike prosjekt, styrke banda mellom forskingsmiljøa og dei små og mellomstore bedriftene.
 - Legge til rette for stipendiat stillingar og auka bruk av studentar
 - Legge til rette for å delta i FoU program for å auke kompetansen i bedriftene

- c) Vidareutvikle og styrke «**teknologisenteret**» i SITEP som ein open arena for teknologiutvikling, forskning, innovasjon, opplæring og kunnskapsdeling for bedrifter, utdanningsinstitusjonar, næringsorganisasjonar og det offentlege verkemiddelapparatet.
 - Utvikle katapultmodell og øvingsfabrikkar

Resultatmål 1 er retta mot samarbeid innad i industrien men også inn mot andre næringar/fagmiljø. Resultatmål 2 skal bidra til å auke tal FoU prosjekt og styrke banda mellom forskingsmiljøa og dei små og mellomstore bedriftene. Resultatmål 3 er retta spesifikt inn mot SITEP og styrking av denne arenaen.

Det er fleire prosjekt på gang i Sogn innanfor teknologi og digitalisering. Samarbeid i og på tvers av næringar vert etterspurt.

Eit fellestrekk er at tilgang til rett kompetanse blir ei utfordring framover. Bedriftene har lite kjennskap til kva kompetanse som finnest på tvers av kommunane og bedriftene. Betre kjennskap til eksisterande kompetanse og behovet for kompetanse vart etterspurt. Det er også eit ynskje om å fremma Sogn som ein felles bu og jobbmarknad.

2. GJENNOMFØRING I FORHOLD TIL PROSJEKTPLAN

Prosjektgruppa har følgd aktivitetsplanen som vart laga i starten av prosjektet. Starttidspunkt for prosjektet var 5 mnd forsinka i forhold til opprinneleg prosjektplan. Det var naudsynt med nokre korrigeringar undervegs og sluttdato vart forskyvd med 1 mnd, i hovudsak fordi intervjudelen tok lenger tid enn forventa. Prosjektet «Grøn næringsutvikling» er eit anna prosjekt i regi av Sogn regionråd som er gjennomført parallelt med prosjekt «Teknologi og digitalisering». Funna frå dette prosjektet var nyttige og prosjektgruppa ville ta inn dette i analysearbeidet. Teknologi og digitalisering og grøn næringsutvikling heng tett saman hjå mange bedrifter.

Hovudaktivitetar

Prosjektgruppa har kartlagt behovet i kommunane ved å intervju bedrifter og andre interessentar. Det er gjennomført 28 intervju med bedrifter i ulike bransjar i alle kommunane i Sogn.

Det var noko utfordrande å få avtalt intervjutidspunkt med bedriftene. Tanken var flest mogleg fysiske intervju og samle bedriftene i ei bygd på same dag. Dette vart utfordrande, og det vart difor gjennomført fleire teams intervju enn fyrst tenkt. Teams intervju fungerte godt. Alle sa ja til opptak av intervju. Dette var nyttig, men tidkrevjande å transkribere intervju i etterkant. Nokre få av bedriftene svarte aldri på telefon, sms eller e-post og vart difor ikkje intervju.

Statusmøte, avgjerslepunkt

Det var planlagt 3 styringsgruppemøter i forprosjektet og desse er gjennomført. Eit utkast til sluttrapport vart sendt ut i forkant av siste styringsgruppemøtet.

Styringsgruppemøta har fungert godt som oppsummering og sparringsmøte for prosjektgruppa. Prosjektgruppa har fått gode innspel og anbefalingar. Det var utfordrande å samle alle medlemmane av styringsgruppa samtidig. Styringsgruppa er ein viktig bidragsytar undervegs i eit prosjekt og bør settast saman av deltakarar som har moglegheit til å prioritera deltaking.

Prosjektgruppa har hatt fleire møter undervegs i prosjektet.

3. MÅLREALISERING

Målet med forprosjektet er å avklare korleis regionrådet kan jobba vidare med teknologi og digitalisering som eit fellesprosjekt. Prosjektgruppa kjem med ei anbefaling i punkt 7 i rapporten.

Målevaluering

Resultatmål 1:

Prosjektplanen peikar på at gjennom det 4. industrielle skiftet vert teke i bruk ny teknologi som endrar konkurransebildet i marknadane og forbetrar prosessar. Kompetanse på og evne til å ta i bruk ny teknologi blir viktig for næringslivet for å oppretthalde konkurransekrafta og utnytte moglegheitsbildet framover. Regionen har nokre av dei fremste teknologimiljøa i landet, og deling av kunnskap, felles kompetansetiltak og fellesprosjekt vil løfte regionen og skape eit endå sterkare teknologimiljø.

Intervjua viser at det er fleire gode prosjekt på gang i kommunane. Bedriftene har sine teknologi og utviklingsprosjekt men det er lite samhandling mellom aktørane og kommunane på dette området. Det er nokon pågåande prosjekt der fleire kommunar jobbar saman. Eksempel på slike prosjekt er Sogn frukt og grønt sin bringebærrobot.

Det er lite kunnskap om kva kompetanse som finnest i dei ulike kommunane, men også innad i kommunane. Fleire av intervjuobjekta etterspør ein kompetanseoversikt og arena for kunnskapsdeling og samhandling. Det var også etterspurt oversikt over behov for kompetanse slik at ein kan sende moglege kandidatar i søknadsprosessar vidare til andre bedrifter.

Det som går att i alle intervjua er korleis ein skal få tilgang på rett og nok kompetanse. Fleire av bedriftene meiner ein bør samle seg om å fremma ein felles bu og arbeidsmarknad.

Fleire av intervjuobjekta trakk fram at det i mange tilfelle ikkje nødvendigvis handla om ny teknologi men kva ein kan gjere med eksisterande utstyr og forbetre arbeidsprosessane ned på personnivå. Det å dele strategiane og finne fellesnemnaren for kva ein kan samarbeide om var også forslag som kom opp.

Sitat frå intervjua:




Resultatmål 2:

Prosjektplanen peikar på at Årdal har den høgste tettleiken på doktoringeniørar i landet, og sterke FoU og leverandørmiljø knytt til industrien. Industrien i Årdal arbeidar målretta for å ta i bruk ny teknologi for å forbetre eigne prosessar, produkt og for å redusere klima avtrykket. Hydro ynsker også å bidra aktivt til å utvikle næringslivet i regionen til å ta i bruk ny teknologi. Regionen har i tillegg sterke aktørar innan næringsmiddel og vareproduserande industri som har mykje dei same behova. I tillegg har ein Høgskulen på Vestlandet som har uttalt mål om å styrke si satsing på ny teknologikompetanse gjennom «Teknologiløftet» saman med andre fagmiljø og næringslivet i fylket.

Intervjua viser at fleire bedrifter har eller er med i FoU prosjekt. Det er lite eller ingen kunnskap om kva andre held på med innan området, og kva kunnskap som finnest i andre bedrifter / miljø. Det er også lite kunnskap om og kontakt med næringsapparata, regionrådet og Fylkeskommunen.

Det kom tydeleg fram i intervjua at det er eit ynskje om og behov for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid innan teknologi og digitalisering. Det var ynskje om å jobbe saman inn mot høgskular og universitet som ein samla bu og arbeidsmarknad. Det å stå samla for å behalde eksisterande kompetanse og tiltrekke ny kompetanse til Sogn vart lagt vekt på.

Sitat frå intervjua:



Resultatmål 3:

Prosjektplanen viser til at Årdal saman med industriaktørane med Hydro i spissen, Fylkeskommunen, SINTEF, Innovasjon Norge og Kunnskapsparken i Vestland har etablert SITEP AS for å styrke satsinga

på teknologi og digitalisering. SITEP (Senter for Innovasjon Teknologi og Prosess) sitt formål er å bidra til auka kompetanse om teknologi, skape ein arena for å teste og trene på ny teknologi, skape grunnlag for auka innovasjon i eksisterande bedrifter og knoppskyting av nye bedrifter gjennom tilgang til ny teknologi. I teknologisenteret til SITEP skal bedrifter frå heile regionen/landet kunne teste, simulere og visualisere teknologiar, komponentar, produkt, løysingar, tenester og prosessar.

SITEP har prosjekt samarbeid med FoU miljøa, Høgskulen, Fagskulen, dei vidaregåande skulane i regionen og næringslivet. Det er etablert eit bedriftsnettverk gjennom Innovasjon Norge som ein ynskjer å utvide vidare i regionen som har som mål å arbeide for felles kompetanseutvikling knytt til Industri 4.0 og nye teknologiar, samt å bygge tette relasjonar med andre næringsklynger/nettverk.

SITEP er tenkt som teknologisenteret for heile Sogn. SITEP er godt etablert som teknologisenteret i Årdal, fleire av bedriftene her nyttar SITEP i utvikling av sine produkt. Også andre industrikommunar i landet ser mot sitep og ynskjer å dra nytte av dei erfaringane som er gjort her.

Resultata av intervju viser at SITEP ikkje har eit sterkt fotfeste i resten av Sogn. Dei færreste av intervjuobjekta utanfor Årdal har høyrte om eller kjenner til SITEP. Kompetansen og teknologimiljøet i og rundt SITEP, inkludert Hydro sitt teknologisenter er ukjent for dei fleste. SITEP har meir samarbeid med industrikommunane i Vestland, fylkeskommunen, Norce og teknologimiljøa i Bergen enn dei har med miljøa i Sogn.

Sitat frå intervju:



4. PROSJEKTORGANISERING OG RESSURSDISPONERING

Prosjektorganiseringa har fungert relativt bra. Organisering med ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe er ein god måte å organisere på. Prosjektgruppa har bestått av to personar, ein frå Årdal Utvikling og ein frå Sitep.

Styringsgruppa har bestått av ordførarar frå Høyanger, Vik og Årdal delteke saman med næringsrådgevar frå Årdal og Høyanger og representant frå Hydro. Prosjektgruppa har fått gode innspel og råd. Enkeltpersonar i styringsgruppa har blitt nytta også utanom styringsgruppemøta, desse kunne med fordel blitt brukt endå meir inn i prosjektet. Styringsgruppa er ein viktig bidragsytar undervegs i eit prosjekt og bør settast saman av deltakarar som har moglegheit til å prioritera deltakelse.

5. KOSTNADER OG FINANSIERING

Budsjettet og finansieringa for prosjektet såg slik ut:

| | |
|--|------------|
| Budsjett | 2022 |
| Prosjektleiar inkl alle kostnader | kr 100 000 |
| Arbeidstid for deltaking i prosjektet | kr 200 000 |
| Samla budsjett | kr 300 000 |
| | |
| Finansiering: | |
| Midlar Sogn regionråd | kr 50 000 |
| Eigeninnsats frå kommunane | Kr 50 000 |
| Eigne midlar og eigeninnsats Årdal Utvikling | kr 200 000 |
| Samla finansiering | Kr 300 000 |

Prosjektet er innafør budsjettramma.

6. VIKTIGE ERFARINGAR

Det tok lang tid frå prosjekta vart bestemt at skulle gjennomførast til dei vart starta opp. Dette bør unngås ved seinare prosjekt. Mykje var skjedd i mellomtida. SITEP er etablert og i full drift.

Intervjua tok lengre tid enn planlagt. Prosjektgruppa hadde satt av for lite tid til analysedelen av intervjua. Ein ser i etterkant at ein skulle satt av tid til å gått gjennom kvart intervju rett etter intervjuet fant stad.

Prosjektgruppa brukte lang tid på å lage intervjuguiden, fyrsteutkastet var omfattande med mange spørsmål. Ein ser i ettertid at dette var bortkasta, og intervjuguiden vart korta ned drastisk. Prosjektgruppa kunne med fordel gått nærmare gjennom intervjuguiden med styringsgruppa og fått innspel på dette i fyrste styringsgruppemøte.

Funna frå prosjektet «Grøn næringsutvikling» har vore nyttig for dette prosjektet, då ein ser at teknologi og digitalisering og grøn næringsutvikling heng tett saman hjå mange bedrifter.

7. AVSLUTNING

Konklusjon:

Resultata av intervjua viser at ein bør samla og spissa seg meir, og at ein i for liten grad løfter dei regionale prosjekta i samanheng. Det er eit ynskje om og behov for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid innan teknologi og digitalisering. Møteplassar for kunnskapsdeling og samarbeid er lagt stor vekt på. Det er viktig at rammene rundt dette vert tilpassa bedriftene, som for eksempel relevante og tidseffektive møtearenaer. Regionrådet må bygge oppunder eksisterande prosjekt og aktørar.

SITEP har eit kompetansemiljø og eit nettverk som er heilt unikt i Sogn, likevel er dei lite kjent for næringa utafor Årdal. SITEP har med intern høg kompetanse, tett kopling mot teknologimiljøet til Hydro og det etablerte bedriftsnettverket all føresetnad for å være teknologiarenaen som koordinera i Sogn. Regionrådet si oppgåve bør vere å bygge opp under SITEP som teknologisenter i Sogn, og styrke denne arenaen for samarbeid mellom alle aktørane. SITEP har eit sterkt nettverk inn mot Fylkeskommunen, høgskulemiljøa i Bergen og industrikommunane i Vestland. Det vil vere naturleg å også sjå mot desse miljøa og ikkje berre Sogn.

Samtlege intervjuobjekt har nemnt mangelen på kompetanse som ein av dei største utfordringane framover. Fleire ynskjer at ein dreg i lag og frontar Sogn som eit felles bu og jobbmarknad. Ein ser og at det er eit behov for å kartlegge og synleggjere framtidig behov for kompetanse i bedriftene. Det er og ynskje om å skape arena for utveksling av kompetanse, deling av erfaringar og synleggjere potensiale for samarbeid, på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn.

Forslag om vidareføring:

Delmål 5 i prosjektplanen seier at sluttrapporten skal svare på delmåla og gi ei tilråding på om ein bør gå vidare inn i eit hovudprosjekt. Prosjektgruppa si oppfatning etter analyse av funna er at ein tilrår at Sogn regionråd ikkje setter i gang eit hovudprosjekt innanfor teknologi og digitalisering men støttar opp og brukar SITEP til å løyse oppgåvene. SITEP er ein allereie etablert arena med utvikling og samarbeid i regionen som formål.

Regionrådet bør som eit resultat av forprosjektet ha som mål å:

- Kartlegge og synleggjere kompetansen og behov for framtidig kompetanse innan teknologi og digitalisering i Sogn.
- Skape arena(møteplassar) der ein kan dele kunnskap og skape potensiale for synergjar og samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn. Bygge oppunder allereie eksisterande arenaer som SITEP.
- Fremma Sogn som ein felles bu og arbeidsmarknad.

Prosjektgruppa anbefalar at regionrådet brukar SITEP til å vidareføre aktivitetane frå forprosjektet. SITEP får i oppgåve frå regionrådet å etablere eit nettverk (kanskje med utgangspunkt i dei som har vore kontakta i denne forstudien) og bygger opp møtearenaer for dei som deltek. Dette kan igjen være utgangspunkt for å etablere ein kartlegging og synleggjering av kompetanse.

Regionrådet må løyve midlar til dette. Aktiviteten bør ha eit kort tidsintervall, maks 1 år. Det vil då vere naudsynt med minst ein 50% ressurs i denne perioden. SITEP definerer sjølv rolla utifrå konklusjonane i forprosjektet.